

Frå Haugesund til strikke-kafe

01.10.2009



Tone Tvedt: - Strikkekafe er heilt topp!

Strikkekafeen som Uskedalen Utvikling har starta i Gamleskolen med Jane Haaranes som organisator har vind i segla, akkurat som TI-aren Cafe.

I kveld (torsdag) låg besøkstalet rundt 20 etter ein time, og då uskedalen.no var innom venta dei fleire.



Godt frammøte også denne gongen. (Foto: Ola Matti Mathisen)

Sist, då det var sesongopning, kom dei mest langvegfarande frå Samnanger. Denne gongen kom ei av strikkeentusiastane heilt frå Haugesund!

- Men det er ikkje så unaturleg at eg stillar opp her, ettersom eg delvis har vakse opp i Uskedalen og har ei mor her og ei syster i Herøysund.

Då eg fekk veta at det skulle vera strikkekafe i Uskedalen var det greitt å kombinera strickinga med husmorferie hos familien, sa Tone Tvedt medan ho let pinnane gå.

- Kva synest du om strikkekafeen?

- Om dette initiativet synest eg at det er heilt topp. Noko slikt har vi ikkje i Haugesund såvidt eg veit, sa Tone.

Denne gongen var det Baronessa frå Husnes som stilte opp med garn og oppskriftar medan TI-aren-damene hadde ansvaret for servering også denne gongen.

Jane lovar å komma att med fleire strikkekveldar. Til dømes har ho planar om ein julemarknad tidleg i november der dei iherdige strikkarane kan stilla opp med det dei har strikka.

Jane vil gjerne høyra frå dei som er interesserte i ein slik marknad, men dette kjem ho attende til i uskedalen.no

Av Ola Matti Mathisen



Frå Baronessa kom Annvor Tvedten frå Halsnøy og Vigdis Andersen frå Herøysund. (Foto: Ola Matti Mathisen)